

2019

3. kvartal



Kommentarar 3. kvartal 2019

Konsernet

Konsernet si hovudverksemd omfattar følgjande område:

- Bankverksemd
- Eigedomsmekling
- Rekneskapsføring

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 5 heileigde dotterselskap.

Konsernrekneskapan omfattar også ei felleskontrollert verksemd – Samarbeidende Sparebanker AS som er deleigar av Alliansesamarbeidet i SpareBank 1.

Konsernet har eit samla resultat etter skatt på 144,7 mill. kroner hittil i år. Dette er 44,6 mill. over resultatet på same tid i fjor og kjem i hovudsak frå ekstraordinære inntekter som er omtala i avsnittet om bankverksemda nedanfor.

Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 86,1 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 3. kvartal på 186,5 mill. kroner som svarar til 2,3 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 82,4 mill. over tilsvarande periode i fjor. Resultatet er prega av to ekstraordinære inntekter i 2. kvartal, medan underliggjande bankdrift viser tal i tråd med forventningane.

Som omtala i kommentarane til rekneskapan for 2. kvartal er det to inntekter som påverkar banken sitt resultat i vesentleg grad hittil i år. Banken fekk utbetalt eit ekstraordinært utbytte frå selskapet Samarbeidende Sparebanker AS på 25,3 mill. etter oppgjeret frå forsikringsfusjonen mellom SpareBank 1 Skadeforsikring og DNB Skadeforsikring i starten på året. Selskapet heiter no Fremtind Forsikring AS.

I tillegg vart eigarstrukturen i BN Bank ASA endra i 2. kvartal og banken selde seg ut av selskapet. Dette gav banken ein salsgevinst på 52,1 mill. kroner. I sum gir desse to transaksjonane ekstraordinær inntekter på 77,4 mill. kroner i så langt i år.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 146,7 mill. kroner og er 9,7 mill. over tilsvarande periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 3. kvartal på 1,81 % noko som er 0,01 prosentpoeng høgare enn same periode i fjor. I denne posten inngår også 3,8 mill. i kostnadsført i sikringsfondsavgift. Sikringsfondet blir frå og med i år splitta i eit innskotsgarantifond og eit krisetiltaksfond med heilt nye reglar for fastsetting av avgifta. Faktura på avgift for 2019 er motteke i oktober og regelendringane fører til ein auke i avgift frå i underkant av 5 mill. i 2018 til ca. 7 mill. i 2019. Denne auken vil bli bokført i 4. kvartal.

Netto andre driftsinntekter utgjer 174,2 mill. kroner mot 99,2 mill. i same periode i fjor. Auken på 75 mill. tilsvarar om lag dei omtala ekstraordinære transaksjonane ovanfor. Andre driftsinntekter elles ligg samla sett om lag på same nivå som i fjor.

Driftskostnadane per 3. kvartal er på 106,5 mill. noko som også er på same nivå som i fjor. Administrasjonskostnadane har ein vekst på nærare 11 prosent hittil i året. Denne posten inneheld mange ulike kostnadspostar, men auken kjem hovudsakleg frå auka kostnader til alliansen og marknadsføring. Nedgangen i posten andre driftskostnader kjem i hovudsak som eit resultat av at fleire bankbygg hausten 2018 vart rekneskapsmessig flytta frå dotterselskap til morbank. Dette reduserer husleigekostnader, men aukar posten avskrivningar. I sum er samla kostnader til lokale litt lågare etter endringa.

Resultatrekneskapan viser ein netto tapskostnad på -0,6 mill. kroner. Årsaka til at bokført tapskostnad gir ei samla inntekt er at reduksjonen i tapsnedskrivningar og inngått på tidlegare konstaterte tap er større enn tapskonstateringane så langt i år.

Banken har ved utgangen av 3. kvartal ein forvaltningskapital på 11,0 mrd. kroner etter ein vekst på 5,9 % siste 12 månader.

Balanseførte utlån samt overførte lån til kredittføretaket SpareBank 1 Boligkreditt AS (boligkreditt) har ein vekst frå 3. kvartal i fjor på 343 mill. kroner eller 3,1 %. Banken har overført bustadlån for i underkant av 2,5 mrd. kroner til boligkreditt. Dette utgjer 21,6 % av balanseførte og overførte lån. Samla utlån fordeler seg med 72,6 % til privatmarknaden og 27,4 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 3. kvartal 60,7 mill. og er ein auke på 25 mill. frå same tid i fjor. Sidan utgangen av 2018 har volumet auka med 23,1 mill. kroner. Misleghaldet utgjer med det 0,68 % av brutto utlån noko som framleis er eit lågt nivå. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 45,1 mill. kroner. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 7 i kvartalsrapporten.

Innskota ved utgangen av 3. kvartal er på nesten 8 mrd. kroner som er ein auke på 582 mill. eller 7,9 % siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 4,5 mrd. frå privatmarknaden og 3,5 mrd. frå bedriftsmarknaden. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalslutt har auka til 88,7 % mot 85,3 % for eit år sidan.

Banken har per utgangen av september i underkant av 1,5 mrd. kroner i eksterne innlån fordelt på 5 obligasjonslån på 1.255 mill. kroner, eit banklån på 100 mill. kroner og to ansvarlege lån på til saman 120 mill. kroner. 300 mill. av dette lånevolumet har resterande løpetid på under eit år.

Eigedomsmekling

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og har 22,7 årsverk. Selskapet har kontor i 5 Hallingdalskommunar og på Fagernes og Beitostølen i Valdres. Selskapet har hatt ein sterk aktivitetsvekst dei siste par åra og har ein leiande marknadsposisjon i Hallingdal. I Valdres er selskapet i ein utfordrarposisjon, men er i ferd med å etablere seg som ein av dei større aktørane i lokalmarknaden.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 3. kvartal på 4,7 mill. som er 1,0 mill. over tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene på 38,1 mill. er 2,5 mill. over 3. kvartal i 2018. Så langt i år har selskapet omsett 527 eigedomar mot 526 i same periode i fjor. Etter eit litt rolegare 2. kvartal der bytte av IT-system tok ein del tid, har 3. kvartal vore svært travle månader med høg omsetnad av fritidseigedomar. Så langt i år er det omsett eigedomar for over 1,7 mrd. kroner.

Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Selskapet har 44,7 årsverk og har kontor i 5 kommunar i Hallingdal og i 2 kommunar i Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 3. kvartal på 2,0 mill. noko som er 1,7 mill. betre enn i tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene aukar med 6,9 mill. til 33,4 mill. kroner i det same tidsrommet. Dette er ein vekst på 26 % og ei fin utvikling.

Andre verksemder

Ved sida av morselskapet si eiga drift av eigedomar blir Heggnes og Fagernes drifta av SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS. Selskapet har i kvartalet eit underskot før skatt på 0,8 mill. kroner. Dette er 2,4 mill. betre enn same periode i fjor. Bankbygget på Heggnes vart seld til Øystre Slidre kommune i september. Kommunen arbeider med å etablere ein næringshage i bygget. Konsernet sine verksemder vil halde fram i bygget og det er inngått langsiktige leigekontraktar med ny eigar.

Konsernet si investeringsverksemd blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet har utvikla eit tomtefelt på Flå og har ein eigedom på Geilo der eit utviklingsprosjekt er i ein tidleg fase. Resultatet før skatt per 3. kvartal er på -0,6 mill. kroner noko som er 0,3 mill. under same periode i fjor. Resultatutviklinga i selskapet vil i stor grad vere avhengig av framtidig tomtsal på Flå og framdrift i prosjektet på Geilo.

Felleskontrollert verksemd

Banken eig 7,8 % i det felleskontrollerte selskapet Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar).

SamSpar er eigd av dei 10 minste bankane i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av

SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå SamSpar inngår i konsernrekneskapen i tillegg til resultatet i morbanken og dotterselskapa. Etter 3. kvartal er det bokført ein resultatandel på 56 mill. kroner etter skatt.

Kapitaldekning

Frå og med 2018 vart det innført krav om innkonsolidering av eigardelar i føretak i samarbeidande gruppe i utrekning av kapitaldekning. Reglane gjer at selskapa SB1 Boligkreditt AS, SB1 Kredittkort AS, SB1 SMN Finans AS og SB1 Næringskreditt blir konsolidert inn i høve til eigardelar i utrekninga for konsernet. Etter desse reglane har konsernet ved utgangen av 3. kvartal ei kapitaldekning på 19,8 %. Morbanken har ei kapitaldekning på 19,7 %. Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert så resultatet hittil i år er ikkje lagt til den ansvarlege kapitalen. Banken har eit ansvarleg lån på 120 mill. kroner som styrkar den ansvarlege kapitalen og kapitaldekninga.

Banken sin grønne balanse

Banken har i fleire år satsa på utlansprodukt som kan finansiere tiltak som er med på å spare miljøet. Banken har hatt produkt som miljølån, sollån og varmpumpelån med svært gunstige vilkår i nokre år. Så langt utgjør volumet på desse ein beskjeden del av banken si samla utlansportefølje. I juni gjekk banken lengre og lanserte fleire nye produkt og målet på sikt er å bygge ein betydeleg «grøn» balanse, dvs. at ein har innskotsprodukt som er med på å finansiere utlån til bærekraftige investeringar. Eit nytt produkt er grønt bustadlån der god energiklassifisering på bustaden kan gi ekstra god rente på bustadlånet. Grønt næringslån er eit tilbod til næringslivet som vil satse på bærekraftige investeringar. Dette er produkt som over tid kan gje stort utlånsvolum. I rapporteringa per 3. kvartal er den grønne balansen beskjeden, men målet er å kunne få ein større del av balanse kategorisert som «grøn» og som finansierer gode miljømessige tiltak.

Forsikringsfusjon

Fremtind Forsikring AS vart 1. januar 2019 eit resultat av fusjonen mellom SpareBank 1 Skadeforsikring AS og DNB Skadeforsikring AS. Fusjonen vart grundig omtala i kvartalsrekneskapen for 3. kvartal 2018 og i årsrapporten for 2018.

Fremtind Forsikring AS fekk 2. september løyve frå Finanstilsynet til å drive livsforsikringsverksemd gjennom det heileigde dotterselskapet Fremtind Livsforsikring AS. Det vil medføre at dei individuelle personrisikoforsikringane frå SpareBank 1 Forsikring og DNB Livsforsikring blir overført til Fremtind Forsikring. SpareBank 1 overfører også dei bedriftsbetalte personrisikoforsikringane.

Fisjonen vil bli gjennomført med verknader i rekneskapen frå 1. januar 2020, og resultatteffektane av fusjonen ført i rekneskapen i 1. kvartal 2020.

Endring i rekneskapsprinsipp

Finansdepartementet fastsette i desember i fjor endringar i årsrekneskapsforskrifta for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak. Frå 1. januar skal alle bankar utarbeide års-/delårsrekneskap i samsvar med IFRS (International Financial Reporting Standard). IFRS byggjer i stor grad på marknadsvurdering av verdi på egedelar i staden for kostpris som er førande i eksisterande prinsipp. Sjølv om endringa vil kunne gje endringar i resultat og balansepostar, ventar me ikkje at samla endring blir vesentleg. Meir omtale av effektar vil bli presentert i årsrapporten for 2019.

Framtidsutsikter


SpareBank 1 Hallingdal Valdres leverer eit svært godt

resultat per 3. kvartal og forventar å levere eit tilsvarande godt årsresultat. Tapskostnadene er låge så langt i år, og er forventa å vere det når 2019-rekneskapen blir gjort opp. 2019 er forventa å bli eit resultatmessig rekordår. Frå og med 2020 vil nok bankdrifta ha eit mindre innslag av eingongseffektar sjølv om den omtala fusjonen innanfor livsforsikring vil kunne gje eit godt inntektsbidrag. Det er venta ein sterkare konkurranse på utlån med pressa rentemargin i ein marknad med mindre kredittvekst. Vidare må ein rekne med lågare inntekter på betalingsformidling som følgje av innføring av EU sitt betalingsdirektiv (PSD2). Banken har også vedteke ein endra forretningsmodell på spareområdet. Dette vil i sum gi lågare resultat samanlikna med 2019, men kor store utslag desse endringane får på kjernedrifta er meir usikkert.

Den grønne balansen veks og selskapet er fremst i bransjen på breidde i tilbodet av miljøprodukt til både private og bedriftskundar. Årsrapporten for 2019 vil gi god innsikt i denne satsinga.

Hallingdal, 30.09.19/12.11.19

Kjell Vidar Bergo styreleiar	Kristin Ourom nestleiar	Tore Østlund	Gro Lundby
Ragnhild Kvernberg	Odd Holde	Vidar Isungset	Ellen Intelhus
Knut Oscar Fleten adm. direktør			



Resultatrekneskap 3. kvartal 2019 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 18	3. kv. 18	3. kv. 19	30.09.18	30.09.19		30.09.19	30.09.18	3. kv. 19	3. kv. 18	Året 18
297 775	74 644	89 283	218 374	251 844	Renteinntekter og liknande inntekter	250 945	217 248	89 234	74 479	295 965
111 710	27 024	38 219	81 422	105 161	Rentekostnader og liknande kostnader	105 128	81 802	38 223	27 415	111 617
186 066	47 619	51 065	136 952	146 683	Netto rente- og provisjonsinntekter	145 817	135 446	51 011	47 064	184 348
27 990	-1 369	1 260	29 362	60 957	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	15 065	25 815	-43 129	7 328	37 890
80 425	20 014	21 547	61 163	59 552	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	59 552	61 163	21 547	20 014	80 425
6 089	1 901	1 498	5 445	3 327	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	3 327	5 445	1 498	1 902	6 089
19 094	9 062	597	10 293	53 515	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	53 515	10 293	46 959	9 062	19 094
4 948	840	1 110	3 779	3 502	Andre driftsinntekter	67 197	60 738	21 264	17 536	80 336
126 368	26 646	23 017	99 152	174 200	Sum andre inntekter	192 002	152 564	45 143	52 038	211 656
312 433	74 266	74 081	236 104	320 882	Sum driftsinntekter	337 819	288 010	96 154	99 102	396 004
76 174	19 731	21 031	52 714	53 324	Personalkostnader	95 857	92 555	34 953	32 086	131 328
40 616	9 085	10 347	28 793	31 887	Administrasjonskostnader	31 289	28 273	9 636	8 624	39 706
4 655	1 245	1 505	4 519	4 465	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	6 642	10 809	2 406	3 225	12 591
25 791	6 313	5 054	20 361	16 848	Andre driftskostnader	30 708	30 428	9 960	11 277	42 669
147 235	36 374	37 937	106 387	106 524	Sum driftskostnader	164 496	162 065	56 955	55 212	226 294
165 198	37 892	36 144	129 717	214 358	Resultat før tap	173 323	125 945	39 199	43 890	169 710
5 408	191	-3 551	2 743	-608	Tap på utlån, garantiar mv	-608	2 743	-3 550	191	5 408
142	-2 434	0	-2 374	-484	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-934	-2 374	450	-2 433	142
159 648	40 134	39 695	129 348	215 450	Resultat etter tap	174 865	125 576	42 299	46 132	164 160
27 994	9 000	12 000	25 250	29 000	Skatt på ordinært resultat	30 169	25 517	12 341	8 487	27 719
131 654	31 134	27 695	104 098	186 450	Resultat av ordinær drift etter skatt	144 696	100 059	29 958	37 645	136 441
131 654	31 134	27 695	104 098	186 450	Resultat	144 696	100 059	29 958	37 645	136 441

Nøkkeltal

MORBANK	3. kv. 19	3. kv. 18	Året 18	Norm 18*
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,81	1,80	1,81	1,78
Driftskostnader i % av driftsinntekter	33,20	45,06	47,13	52,44
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,31	1,40	1,44	1,30
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	20,36	13,53	12,33	10,43
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	17,62	10,89	10,17	8,18
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	3,82	6,65	5,36	6,99
Overførte lån til kredittforetak (1000 kr)	2 469 834	2 457 492	2 454 499	
Utlånsvekst i % siste 12 mnd. inkl. overført til kredittforetak	3,08	7,74	5,94	7,51
Innskotsvekst i % siste 12 mnd.	7,89	7,55	4,00	5,80
Innskot i % av brutto utlån	88,66	85,31	85,46	81,38
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 mnd.	5,85	8,86	5,60	6,92
Likviditetsreserve i % (LCR)	151,00	147,00	169,00	187,35
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	1 263 119	1 445 991	1 256 260	
Kapitaldekning i %	19,65	18,93	20,02	21,41
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	9,78	8,68	10,05	10,08
Eigenkapitalprosent	13,68	12,76	12,47	11,18
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,50	0,58	0,57	0,52
Bokførte tap i % av brutto utlån	-0,01	0,03	0,06	0,09
KONSERN				
	3. kv. 19	3. kv. 18	Året 18	Norm 18*
Likviditetsreserve i % (LCR)	151,00	155,00	180,00	
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)**	1 559 345	1 557 427	1 624 561	
Kapitaldekning i % **	19,84	20,39	21,41	20,17
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)**	9,44	9,42	9,64	

* Bygget på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner.

** Frå og med 1. kvartal 2018 blir tal etter nye konsolideringsreglar for eigarforetak i samarbeidande gruppe rapportert.

Dotterselskap Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINNTEKTER	30.09.19	30.09.18	Endring	RESULTAT FØR SKATT	30.09.19	30.09.18	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	38 141	35 641	2 500	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	4 749	3 771	978
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	0	5 565	-5 565	SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	-69	574	-643
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-41	1	-43	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-611	-341	-270
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	33 398	26 466	6 932	SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	2 049	352	1 697
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	2 435	3 484	-1 049	SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	-811	-3 196	2 385
Sum	73 933	71 158	2 775	Sum	5 307	1 159	4 148

Balanse per 30. september 2019

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.18	30.09.18	30.09.19	EIGEDELAR	30.09.19	30.09.18	31.12.18
74 786	70 498	71 111	Kontantar og fordringar på sentralbankar	71 111	70 498	74 786
507 703	350 824	824 069	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	824 069	350 837	507 727
8 893 341	8 656 666	8 987 075	Brutto utlån til og fordringar på kundar	8 965 607	8 607 623	8 845 591
-11 223	-11 007	-9 168	- Individuelle nedskrivningar	-9 168	-11 007	-11 223
-39 600	-39 200	-35 900	- Gruppevisse nedskrivningar	-35 900	-39 200	-39 600
8 842 518	8 606 459	8 942 007	Netto utlån til og fordringar på kundar	8 920 539	8 557 416	8 794 768
14 000	20 530	14 000	Overtekne eigedelar	14 000	20 530	14 000
412 795	395 834	405 356	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	405 356	395 834	412 795
573 316	553 661	576 759	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkasting	576 999	553 902	573 556
78 071	78 071	72 483	Eigarinteresser i tilknytta selskap	129 593	173 583	181 702
33 031	65 929	37 171	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
4 700	4 859	4 700	Immatrielle eigedelar	6 480	5 822	6 405
73 557	70 151	75 581	Varige driftsmidlar	83 586	94 734	94 234
11 912	204 663	8 895	Andre eigedelar	28 156	225 537	31 424
5 734	6 529	6 037	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	49 513	54 596	46 116
10 632 123	10 428 007	11 038 168	Sum eigedelar	11 109 402	10 503 289	10 737 513
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
100 057	100 000	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	100 000	99 885	100 731
7 600 246	7 385 132	7 967 623	Innskot frå og gjeld til kundar	7 957 883	7 340 691	7 582 395
1 324 278	1 403 211	1 254 393	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 254 393	1 403 211	1 324 278
128 371	60 043	51 026	Anna gjeld	68 261	67 540	144 877
12 977	8 194	15 857	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	20 073	21 857	13 390
20 503	20 949	19 629	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	20 130	22 278	20 607
120 000	120 000	120 000	Ansvarleg lånekapital	120 000	120 000	120 000
9 306 432	9 097 530	9 528 527	Sum gjeld	9 540 740	9 075 462	9 306 278
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
818 458	818 458	818 458	Sum innskote eigenkapital	818 457	818 457	818 457
372 547	285 701	372 547	Utjammingsfond	372 547	285 701	372 547
126 698	114 181	126 698	Grunnfondskapital	126 698	114 181	126 698
7 989	8 039	5 489	Gåvefond	5 489	8 039	7 989
-	-	-	Fond for vurderingsulikheiter	98 864	89 946	103 631
-	-	-	Anna eigenkapital	1 911	11 444	1 913
507 233	407 922	504 733	Sum opptent eigenkapital	605 509	509 311	612 778
-	104 098	186 450	Resultat hittil	144 696	100 059	-
1 325 691	1 330 477	1 509 641	Sum eigenkapital	1 568 662	1 427 827	1 431 235
10 632 123	10 428 007	11 038 168	Sum gjeld og eigenkapital	11 109 402	10 503 289	10 737 513
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
458 180	476 751	474 123	Betinga forpliktingar	474 123	476 751	458 180

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	3. kv. 19	3. kv. 18	Året 18
MISLEGHALDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån	60 676	35 686	37 601
- individuelle nedskrivning	6 773	9 187	9 348
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	53 903	26 499	28 253
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	1 203	1 978	2 130
- individuelle nedskrivning	1 203	1 820	1 875
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	0	158	255
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR			
Endring gruppenedskrivning	-3 700	1 300	1 700
Endring individuell nedskrivning	-1 836	1 514	1 890
Konstatert tap i perioden	7 261	468	2 289
Inngått på tidl.konst. tap	-2 333	-538	-472
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	-608	2 744	5 407



Tlf 9150 3202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Kontor:
Geilo, Ål, Gol, Nesbyen, Flå, Hemsedal,
Fagernes, Heggenes og Beitostølen

SpareBank 
HALLINGDAL VALDRES